

NY RETTSKRIVING FOR 2000-TALET

REFERAT FRÅ MØTE I RETTSKRIVINGSNEMNDA 13.-14. JANUAR 2011

Til stades: Grete Riise, Unn Røyneland, Ragnhild Bjørge, Tore Elias Hoel, Karin Magnetun (13.1.), Svend Arne Vee, Åse Wetås, Marit Hovdenak og Aud Søyland

1 GODKJENNING AV INNKALLING, REFERAT, SAKLISTE OG TIDSPLAN

Innkalling, referat, framlegg til sakliste og tidsplan vart godkjende.

II. SIDAN SIST

Møte:

- a) Grete Riise refererte frå møtet med det nye styret i Språkrådet 15. desember.
 - Styret er godt nøgd med framdrifta i arbeidet og at prosessen blir gjennomført i tråd med mandatet frå desember 2009.
 - Styreleiaren og direktøren planlegg elektronisk høyring, og høyringsmøte 21. februar 2011, i samråd med nemndleiaren.
 - Styret tek stilling til framlegget frå nemnda på styremøtet i mai.
 - Styret drøftar prosess for innføring av den nye normalen på møtet i mai.
- b) Riise refererte frå møtet med fagråd 3 12. januar.
 - Hovudoppsummeringa er at fagrådet er godt nøgd med arbeidet. Fleire av medlemene kom med konkrete råd til nemnda.
 - Fagrådet vil ha eit møte 22. februar, der Grete Riise, Unn Røyneland og Aud Søyland er bedde om å vera med. Likeins skal fagrådet ha møte i april etter at innstillinga er levert.
- c) Tore Elias Hoel har vore på møte med norskseksjonen ved Universitetet i Nordland.
 - Tilbakemeldinga der var at dei tek imot ei strammare nynorsk norm med takksemrd.

Lesarinnlegg og blogginnlegg:

Det har kome kritikk mot at nemnda ikkje svarar på innlegga på bloggen. Riise laga derfor eit svar om at me les alt, sjølv om me ikkje tek oss tid til å kommentera kvart innlegg. Det står òg på nettsida vår.

Medieoppslag:

- Nyttig oppslag om normering i Dag og Tid.
- I eit intervju i Aftenposten vart nemdleiaaren sitert som om ho sa at berre Hallingdølen og Sigmund Løvåsen brukte kløyvd infinitiv. Dette var berre meint som døme, men det gode er at det har ført til mykje debatt og engasjement. Det er oppretta eiga Facebook-gruppe for kløyvd infinitiv.
- Det har òg vore oppslag med Grete Riise i avisa Gudbrandsdalen Dagningen nyleg.
- Kulturnytt tok opp saka om innsyn i eksamenssvar. Sigfrid Tvitekkja vart intervjua saman med ein talsperson frå Utdanningsdirektoratet. Det har kome mange tilbakemeldingar på korleis nemnda kan gå fram for å løysa saka. I innslaget sa Utdanningsdirektoratet at me kunne ha søkt Kunnskapsdepartementet om tilgang som forskrarar. Kristine Madsen følgjer opp saka.

Det er fyrst no fleirtalet av elevane i vidaregåande skule leverer eksamenssvar digitalt. Dette tilfanget bør sikrast til forsking frå no av, sjølv om me ikkje kan nyitta oss av det.

IV. AKTUELLE OPPGÅVER

Komande møte:

- 31. januar 2011: Grete Riise presenterer framlegget til ny rettskriving i møte med styret i Litteraturselskapet i Samlaget og Løvebakken Mållag.
- 26. januar: Grete Riise presenterer framlegget til ny rettskriving i møte med Osterøy Mållag.
- 17. februar: Grete Riise presenterer framlegget på kontaktmøte for norsklærarar i vidaregåande skule i Hordaland.
- 20. februar: Nemnda møtest i Oslo kl. 17.00. Møte i to timer.
- 22. februar: Grete Riise, Unn Røyneland og Aud Søyland skal vera med på møte i fagråd 3.
- 22. februar: Grete Riise og Aud Søyland presenterer framlegget til ny rettskriving på seminar for Landssamanslutninga av nynorskkommunar.
- 8.–9. april: Ragnhild Bjørge presenterer framlegget frå nemnda på landsmøtet i Noregs Mållag i Suldal.
- Veke 6 eller veke 10: Unn Røyneland og Grete Riise presenterer innstillinga på møte i Hareid Mållag. Denne avtalen er ikkje stadfesta.
- Nemndmøtet 3. mars: Me tek todagarsmøte i Ørsta 3.–4. mars. Eventuelt omvising i Aasen-tunet.

- Eventuelt møte 25. mars (eller 29. mars): Nemnda tek ein siste sjekk før innstillinga går i trykken.
- 20. mai: Styret i Språkrådet takkar rettskrivingsnemnda.

IV. OFFENTLEG HØYRING

Høyringsbrev

Høyringsbrevet bør peika på nokre overordna punkt som me særleg vil ha innspel til.

V. INNSTILLINGA

Nemnda kom med innspel til strukturen, vedtaka og grunngivingane. Sekretæren innarbeider merknadene og sender ut nytt utkast, jf. nedanfor.

Framdrift

21.1. Nemndmedlemmene får innstillinga med endringar frå møtet 13.–14.1.

24.1. er frist for nemnda til å melda tilbake til sekretæren, som sender ut nytt utkast snarast råd, seinast 26.1.

27.1. er siste frist for merknader til sekretæren.

28.1. leverer sekretæren innstillinga til Språkrådet til korrektur.

1.2. (seinast) blir innstillinga lagd ut til høyring.

Aud Søyland refererte.